

Fra: Bente Høyland[bente.hoyland@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 24.03.2021 10:02:51
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]
Tittel: VS: Svar til spørsmål om reguleringsplan for Børnes frå repr. Lemicka.

Til sak 2019/1179

Fra: Bente Høyland

Sendt: onsdag 24. mars 2021 10:02

Til: KK_Kommunestyret_2019-2023 <KK_Kommunestyret_2019-2023@kvinnherad.kommune.no>; Agust Magnusson <agust.magnusson@kvinnherad.kommune.no>; Øyvind Utne <oyvind.utne@knett.no>; Ellinor Rein <ellinor@reins.no>

Kopi: Ragnhild Bjerkvik <ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no>; 'Anbjørn Høivik' <anbjorn.hoivik@kvinnherad.kommune.no>; 'Sigbjørn Øye' <sigbjorn.oye@kvinnherad.kommune.no>

Emne: Svar til spørsmål om reguleringsplan for Børnes frå repr. Lemicka.

Hei!

På vegne av ordførar sender eg ut svar frå kommunedirektøren.

[Spørsmål frå Ove Lemicka, FrP:](#)

Viser til forslaget under, som fekk fleirtal i formannskapet i møte i går.

Eg trur det er viktig at kommunestyret vert informert om dei økonomiske kostnadane som vil påløpa for Kvinnherad kommune. Eg ber difor kommunedirektøren laga ein prognose før kommunestyremøte på kva følgjande følgjekostnader for Kvinnherad kommune som ein no er i ferd med å påta seg vil beløpa seg til:

Kostnader med ny vassframføring til Børnes

Utkjøping av dei to einebustadane som kommunen påtar seg gjennom planforslaget

Vegen, FSKV 2 som skal byggjast og driftast av kommunen

Vegutbetring kryss/avkjøring frå FV500

Nytt forslag til vedtak 2021/13, FS 22.03.2021:

Kvinnherad kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §12-12, forslag til detaljregulering for Børnes næringsområde 134/34 m.fl. PlanID20190006, med fylgjande endringar og presiseringar:

fSKV2 vert regulert som offentleg kommunal veg, og blir bygd og drifta etter dette.

Kvinnherad kommune sikrar og gjennomfører vegutbetring inn i området frå FV500.

Gnr/Bnr 134/66, 85 og 44 vert trekt ut av detaljreguleringsplanen. Kommunedirektør får fullmakt i å oppdatere plankart, føresegner og planomtale av 16.02.2021 i henhold til dette.

Reguleringsplan for Børnes, Uskedalen, PlanID 19780007 vert samstundes oppheva.

Vilkår som elles i innstilling frå PTM.

[Kommunedirektøren svarar:](#)

Om vassframføring:

I planforslaget er det lagt til grunn at Børnes kan byggast ut vidare innafor kapasiteten til eksisterande vassforsyning. Det er privat vassverk for denne delen av Kvinnherad, og kommunen skal såleis ikkje bygge ut leidningsnett her. Verksemdar som treng store ferskvassmengder må løyse dette i lag med Uskedal Vassverk som leverandør.

Utkjøp av einebustadar:

Hittil i planprosessen har det vore arbeid for at desse eigedomane skal ha næringsføremål for framtida. Vedtak om dette kan gi krav til kommunen om innløyning. Kommunen kan sjølvstilt regulere til bustadføremål, men det er ikkje tenleg korkje med tanke på bukvalitet eller dei moglege avgrensingar det kan gi på kringliggjande næringsområde. Kostnad ved ev. innløyning veit ein ikkje eksakt før ein kjøper eigedomane, og da venteleg etter takst. Ei utgift til kjøp inntil 5 mill. kr. kan påreknast. Eigedomane kan sjølvstilt også seljast privat, men kommunen må ta høgde for innløyning og vidaresal til næringsføremål.

Utbygging og drift av vegen f_SKV2:

Gjennom tidlegare sal av eigedomar i området har kommunen allereie teke på seg plikt til å føre fram veg. Kostnad ved veg og anna naudsynt infrastruktur vil venteleg vere ca. 5 mill. kr. Om vegen vert kommunal kan ein vente årlege utgifter til drift og langsiktige reinvesteringar på ca. kr. 150.000,-.

Vegutbetring kryss/avkjøring frå FV500:

Ideelt sett kan ein seie at kostnadar ved større infrastrukturtiltak bør fordelast på dei som har nytte av det gjennom ein utbyggingsavtale etter kap. 17 i plan- og bygningslova. Dette er mykje brukt i pressområde, men har til no vore særst lite brukt i Kvinnherad. Det vil truleg vere krevjande å få til i dette tilfellet, og kan hende

kommunen bør ta denne utgifta. I så fall kan det vere ønskjeleg å ta det etappevis viss mogleg. Samla kostnadar er ukjent, men kan ut frå erfaring ventast å liggje kring 2,5 mill. kr. Det synes klart at ein ikkje kjem utanom kryssutbetring sidan dette er eit krav frå overordna vegmyndigheit.

Mvh

Bente Høyland | *politisk sekretær*

Mobil: +47 975 41 678 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no | 



Tenk miljø før du skriv ut